

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 14.03.2018

**SAKSHANDSAMAR:** Vidar Vie

**SAKA GJELD:** Risikostyring - styringsmål 2018 for Helse Førde HF

**ARKIVSAK:** 2017/4386

**STYRESAK:** 020/2018

**STYREMØTE:** 23.03.2018

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret er orientert om dei fire regionale styringsmåla gjeldande for helseføretaka i Helse Vest.
2. Styret sluttar seg til dei lokale styringsmåla med delmål for Helse Førde HF 2018.

## Oppsummering

Saka gjeld Helse Førde sine styringsmål for 2018. I utarbeidninga av kvalitetsstyringssystemet til Helse Førde er det lagt til grunn at dette også er årlege kvalitetsmål for føretaket. I tråd med regionale retningslinjer har styret i Helse Vest RHF vedteke fire styringsmål. Helse Førde HF si øvste leiing har i tillegg fremja to styringsmål. Saman med styringsdokumentet 2018 utgjer desse overordna målsetjingar for arbeidet i Helse Førde i 2018.

## Fakta

Helse Vest RHF har i styresak av 14.12.2017 vedteke fire overordna styringsmål gjeldande for alle helseføretak i regionen (sjå tabell styringsmål 1 – 4).

Styringsmål 1 er ei vidareføring frå tidlegare år, då dette er ein langsiktig strategi som framleis har høg prioritet.

Styringsmål 2 er relatert til nasjonale måltal frå Helse- og omsorgsdepartementet om at ventetider for diagnostikk og behandling skal reduserast til 50 dagar innan 2021. I Helse Vest er dei regionale måltala for BUP, TSB og VOP på eit nivå lågare enn 50 dagar, og det er difor lagt inn ei presisering knytt til somatikk.

Styringsmål 3 er ei vidareføring frå 2017, og definert med basis i ønskje frå styret i Helse Vest om eit felles mål knytt til tryggleik for tilsette.

Styringsmål 4 tek utgangspunkt i at målet om «den gylne regel» samla sett ikkje fullt ut er innfridd, verken på føretaksnivå eller i regionen. Målet blir difor følgt opp vidare i 2018, der rusbehandling og psykisk helsevern kvar for seg skal ha ein årleg vekst som er høgare enn vanleg sjukehusbehandling. Det er no fire delmål knytt til styringsmålet, og dei omhandlar vekst i kostnader, årsverk, ventetider og vekst i aktivitet.

Med bakgrunn i viktige innsatsområde, føringar og gjeldande risikosituasjon ønskjer Helse Førde å ha to lokale styringsmål. Det eine omhandlar utviklinga av verksemda med fem sentrale delmål, slik at vi kan vere trygge for at skjer med god kvalitet og brukarmedverknad og sikrar heilskaplege pasientforløp. Det andre styringsmålet handlar om å sikre at det økonomisk resultatet vert godt nok til å understøtte den planlagde verksemdsutviklinga.

Etter metode for risikostyring er ikkje styringsmåla uttømmande, men sentrale fokusområde for Helse Førde sitt arbeid i 2018. Måla må sjåast i samanheng med andre overordna føringar, strategiar, planverk mv. for helsetenesta, og implementerast som ein del av det heilskaplege kvalitetsarbeidet i føretaket.

## Kommentarar

Helseføretaket utfører risikovurdering og identifisering av tiltak og ansvar under kvart styringsområde, når styringsmål med delmål er fastsett. Denne prosessen er godt i gang, og første rapportering skal skje etter første tertial.

I utviklinga av kvalitetsstyringssystemet er det også utarbeidd kvalitetsmål for verksemda, i samsvar med standarden systemet er bygd etter. Føretaksleiinga har vedteke å leggje styringsmåla til grunn som kvalitetsmål for verksemda, i staden for å etablere eit nytt sett med mål. Det skal også medverke til å sikre fokuset på styringsmåla.

Det blir også utarbeidd eit sett med indikatorar for å kunne følgje måloppnåinga.

## Konklusjon

Helse Førde HF sine framlagde styringsmål gjev eit godt grunnlag for å følgje opp dei viktigaste fokusområda i 2018.

Vedlegg:

Styringsmål 2018 for Helse Førde HF

**VEDLEGG**

<b>Felles risikostyringsmål for 2018</b>	
<b>Styringsmål</b>	<b>Delmål</b>
1 Talet på skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest er halvert innan 2018.	<p>1. Program for pasienttryggleik i Helse Vest 2013-2018 er godt forankra i leiargrupper og kjend i resten av organisasjonen.</p> <p>2. Tiltak i programmet er implementert lokalt i helseføretaka så snart dei blir overleverte frå prosjekt til linje.</p>
2 Ventetider for diagnostikk og behandling i Helse Vest er redusert i 2018 (samanlikna med 2017). Ventetider for diagnostikk og behandling i Helse Vest innan somatikk er redusert til 50 dagar innan fire år (2021).	<p>1. Faglege retningslinjer og standardiserte pasientforløp er implementert (ref. m.a. pakkeforløp kreft).</p> <p>2. Arbeid om variasjon i mellom anna ventetid og kvalitet, der målet er å lære av dei einingane som gjer det best i landet, er starta opp.</p> <p>3. Tiltak i programmet «Alle møter» er implementert, inkludert god planlegging og utnytting av operasjonsstovene.</p>
3 HMS er ein sjølvsagt del av arbeidsdagen.  (Dette styringsmålet gjeld også Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS.)	<p>1. HMS-strategi for føretaksgruppa Helse Vest er forankra og kjend for alle leirarar og medarbeidalar, og tiltak for å førebygge vald og truslar mot tilsette er sett i verk.</p> <p>2. Det er lagt til rette for og utvikla ein god meldekultur der meldesystem for tilsetteskadar og uønskte hendingar, vald og truslar mot tilsette er kjent for alle leirarar og medarbeidalar.</p> <p>3. Talet på tilsetteskadar er redusert.</p>
4 Det er høgare vekst i kvart einskild føretak innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn innan somatikk.	<p>1. Det er høgare kostnadsvekst innan psykisk helsevern og rus enn innan somatikk.</p> <p>2. Det er høgare vekst i årsverk innan psykisk helsevern og rus enn innan somatikk.</p> <p>3. Det er kortare ventetider innan psykisk helsevern og rus enn innan somatikk.</p> <p>4. Det er høgare vekst i aktivitet (polikliniske konsultasjonar) innan psykisk helsevern og rus enn innan somatikk.</p>
5 Helse Førde utviklar verksemda med god kvalitet, brukarmedverknad og	<p>1. Verksemdsmessig utviklingsplan er revidert innan 30. juni og</p>

	heilskaplege pasientforløp.	<p>tenesteutviklinga vert planlagt utifrå planen.</p> <p>2. Helse Førde gjer tiltak for å utvikle desentrale tenester.</p> <p>3. Utviklinga av Nye Førde sjukehus er i samsvar med regionale planer og planlagd tenesteutvikling.</p> <p>4. Brukamedverknaden og formidlingsaktiviteten innan forsking er styrka, og vi klarer å halde på nøkkelpersonell.</p> <p>5. Det er vurdert korleis føretaket skal ta omsyn til sitt samfunnsansvar og miljømessig berekraftig utvikling av tenester og bygningar.</p>
6	Helse Førde får eit økonomisk resultat som gjer føretaket i stand til å investere i nytt utstyr og bygg, og utvikle kompetansen.	<p>1. Alle einingar har plan for gjennomføring av tiltak og held sitt budsjett.</p> <p>2. Styringsdialogen i Helse Førde, med handlingsplanar, driftsrapportar, økonomiforum og dialogmøte, vert gjennomført som vedteke.</p>